

# Framlegg til nye føresegner for Hordakappleiken

## INNLEIING

§ 1 Hordakappleiken er ein lokal kappleik eller mønstring som vert arrangert årleg i Hordaland fylke. Føresegnene skal vera eit verktøy i samband med tilskiping av fylkeskappleik/-mønstring, og kan berre reviderast på årsmøtet i Hordaland folkemusikklag.

## FØREMÅL

§ 2 Føremålet med Hordakappleiken er:

- a) Å gjera den tradisjonelle songen, musikken og dansen betre kjend i Hordaland.
- b) Å laga ein møtestad i Hordaland for vener av norsk folkemusikk og folkedans.
- c) Ta vare på det lokale mangfaldet av dialektar og tradisjonar innan folkemusikken og folkedansen i Hordaland.
- d) Stimulera til rekruttering og utvikling av folkemusikk- og folkedansutøvarar.

## TILSKIPING

§ 3 Hordaland folkemusikklag skal finne arrangør til Hordakappleiken kvart år. Det er ikkje eit krav at arrangøren skal vera eit lokallag.

§ 4 Hordakappleiken skal verte tilskipa i vårsemesteret (januar-mai).

§ 5 Lokal tilskipar skal sende fylkeslaget rapport og rekneskap for Hordakappleiken.

## TEVLING

§ 6 Tevlingane skal til ei kvar tid avviklast i samsvar med gjeldande tevlingsreglement i FolkOrg. Innanfor desse rammene står arrangør fritt til å bestemme korleis tevlingsprogrammet skal vera så lenge det finnes eit tevlingstilbod for alle aldrar og for alle disiplinar som er representert på Landskappleiken. Deltakarane treng ikkje vera medlem i FolkOrg.

§ 7 Arrangør har sjølv ansvaret for å finne dommarar til tevlingane.

## ØKONOMI

§ 8 Overskot/underskot skal delast slik: arrangørlag 90 %, HFL 10 %.

§ 9 Dommargjeringa er å sjå som eit tillitsverv og blir ikkje godtgjort økonomisk. Lokal tilskipar skal dekkje reise og opphaldsutgifter i samsvar gjeldande satsar i Statens reiseregulativ.

§ 10 Deltakarbilletten skal gje fritt tilgjenge til alle tevlingar og dansearrangement under arrangementet.

§ 11 Enkeltutøvarar, grupper og lag kan ikkje krevje økonomisk godtgjersle for dansespel.